



Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

**Vår ref.**  
16/44-41/N - 258/MARS

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
08.03.2017

## **Den kulturelle spaserstokken 2016 - rapport frå Kvam herad**

Kvam herad fekk i sak 155/15 kr 130 000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune til Den kulturelle spaserstokken i Kvam for 2016.

Vedlagt ligg utskrift frå rekneskapet, ført på K110 for 2016. I tillegg har kommunen nytta eigne tilskotsmidlar ført på andre kontoar til arrangement på institusjonar i 2016.

Kvam herad lyste ut tilskotsmidlane. Vedlagt ligg kopi av vedtak 034/16.

Tilskotet frå Hordaland fylkeskommune har vore brukt til å gje eldre i Kvam varierte kulturopplevingar, av høg kvalitet. Vi har samarbeidd ma med Hardingtonar, Kinck-dagane, Bygdalarm, Bygdagnist, Kabuso og ulike kunstnarar/utøvarar, td song- og musikkgrupper, ein forteljar og enkeltmusikarar.

Dette har gjeve mange og nyskapande opplevingar for eldre, alt frå varierte arrangement på Kvam bygdemuseum Storeteigen i regi av Bygdagnist, konsertar på institusjonar og Kabuso i regi av Hardingtonar, «Gamlislarm» på Bygdalarm, samt utstilling på Kabuso.

I tillegg til tilskotet frå Hordaland fylkeskommune, har Kvam herad nytta eigne ressursar til planlegging og gjennomføring av arrangementa, samt enkeltarrangement. Vi har fått mange og gode tilbakemeldingar på arrangementa knytt til Den kulturelle spaserstokken,- særleg frå institusjonar der eldre ikkje har høve til å delta på det lokale kulturlivet utanfor institusjonen. Det er viktig for kommunen at alle eldre på institusjonar uavhengig av kvar i kommunen ein bur får tilbod.

Kvam herad takkar for tilskotet som har gjort det mulig å gje tilbod om varierte kulturopplevingar av høg kvalitet for eldre i kommunen i 2016.

Helsing

**Mary Ann Sørheim**  
Kulturkonsulent  
Telefon: 56556906

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Mottakarliste:**

Hordaland  
Fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

**Vedlegg**

08.03.2017

08.03.2017

08.03.2017

08.03.2017

**Tittel**

Den kulturelle spaserstokken 2016

Arvid Aasprang m.fl - Julekonsertar 2016, Den kulturelle spaserstokken

Inger Dysvik og Anita Forselius - søknad om tilskot til DKSS 2016

Rapportering K110 Den kulturelle spaserstokken 2016 (003)